

**Dei suksessfulle jentene i Razika kjem til Uskedalen for å massera herleg ska-pop-rock inn i festidalenpublikummet. Låtarsom "Vondt I Hjertet" og "Oslo" er solide ingrediensar i ein kvar sommarfest**

Razika har tross sin unge alder (alle 22 år) oppnådd mykje. Spellemansnominasjon, enorm frekventering i radio, 'årets låt', 'årets band', 'årets plate' osv. Dei har turnert heile landet, USA, Europa, og Japan. Dette er heil ved,og vert eit av sommarens varmaste augneblick.

"Landets klart beste rapper" skreiv Aftenposten om Lars Vaular, mens Dagsavisen skreiv "Rett og slett en av Norges viktigste artister." Dette har Lars Vaular bevist. Hans uredde haldning til faget og kompromisslause rapkunst har resultert i blant anna to Spellemansprisar.

Det var på høg tid at Festidalen fekk inn ein artist som representerer dette sjiktet i musikkosfæren. Me venta til representanten var rett og god nok. Så dans, skrik,og låt som om du rapper med! Lars Vaular fester sitt jerngrep kring publikum og tvingar fram ukontrollerte 'dansemovs' og herleg galskap.

Razika og Lars Vaular saman med Blood Command, Cazadores, Oslo Ess og nederlandske DeathLetters gir håp om ein framifrå Festidalen 2013. Og enda kjem det meir..

**Pressesjef i Festidalen,  
Hege Digranes**